

*Veien til
verdens ende*

Ein sentral forfattar frå mellomkrigsperioden

☛ Sigurd Hoel (1890–1960) voks opp i Nord-Odal i Hedmark, men levde storparten av livet sitt i Oslo. Litt misvisande vart han derfor kalla ein hovudstadsintellektuell. Dei litterære karakterane hans høyrer gjerne til i eit liberalt og intellektuelt hovudstadsmiljø, men som forfattaren sjølv har dei ofte røtene sine i eit bygdesamfunn.

☛ Hoel var ein skuleflink og kunnskaps-tørst gut, men han kunne ikkje heilt bestemme seg for kva han ville bli. Han byrja



Sigurd Hoel.
Foto: Aftenposten / Scanpix

på ulike studium utan å fullføre nokon av dei. Til sist var det den litterære og intellektuelle interessa som tok overhand.

☛ I mellomkrigstida var Hoel ein av dei mest framstående personane i det norske litterære miljøet. I tillegg til å vere skjønnlitterær forfattar var han litteraturkritikar, forlagskonsulent og redaktør for fleire tidsskrift og aviser. Dessutan var han dominerande i dei kulturelle og politiske debattane i samtida. Han omtalte seg sjølv som ein uavhengig liberal radikal.

☛ Livshistoria til Hoel streifar forfatterskapen hans på fleire område. Han var gift og skild to gonger, og skreiv om fallitten til det borgarlege ekteskapet i vår tid. Han gjekk òg i psykoanalyse hos Wilhelm Reich (1897–1957), elev av Sigmund Freud, og mange av bøkene til Hoel viser at han var inspirert av psykoanalysen og ideane til Reich.

Kulturradikalaren

☛ Sigurd Hoel var ein av dei fremste *kulturradikalarane* i Noreg i samtida. Saman med Arnulf Øverland (1889–1968) og Helge Krog (1889–1962) utgjorde han det vi gjerne kallar *det radikale trekløvet* blant forfattarane i mellomkrigstida. Kulturradikalarane var venstreorienterte og samfunnskritiske, men samstundes ofte partiuavhengige.

☛ Det var Hoel sjølv som brukte omgrepet kulturradikalisme for første gong på norsk, i ein artikkel han skreiv i 1955. Her argumenterte han for at det finst ein «kulturradikal» tradisjon i Norden, som byrja allereie med Georg Brandes i 1870-åra, og som vart ført vidare mellom anna av Bjørnson, Ibsen, Øverland, Krog og han sjølv.

*Arbeidernes Pressekontor
i 1934. Foto: NTB / Scanpix*



☞ I norsk litteraturhistorie er det likevel vanleg å knyte omgrepet kulturradikalisme spesielt til mellomkrigstida. Dei kulturradikale forfattarane i denne perioden sette søkjelyset på den rådande seksualmoralen og på konservativ kristen morallære. Dei søkte frigjering for enkeltmennesket og ynskte å motarbeide fordommar og hykleri.



Foto: Morten Holm / NTB / Scanpix

☞ Denne politiske radikalismen var særleg knytt til organisasjonen og tidskriftet *Mot Dag*, som var ein viktig faktor i samfunnsdebatten. Motdagistane ynskte å utgjere ein revolusjonær elite og hadde dei sovjetiske bolsjevikane som føredøme. Mange av forfattarane i mellomkrigstida var knytte til Mot Dag-rørsla.

☞ Hoel var i ein periode redaktør i *Mot Dag*, men han var ingen typisk representant for motdagistane. Han kalla seg verken marxist eller kommunist, men ein uavhengig og liberal radikal. Politisk høyrde han altså til venstresida, men i somme saker tok han eit meir konservativt standpunkt. Han var for eksempel sterk motstandar av samnorskpolitikken og var i ein periode leiar av Riksmålsforbundet.



Om Erling Falk og Sigurd Hoel



Sigurd Hoel om å spotte i litteraturen og om *Mot Dag*-rørsla

Modernist og tradisjonalist

☞ To av dei største litterære førebileta til Hoel var Knut Hamsun (1859–1952) og Franz Kafka (1883–1924), og forfattarskapen hans ber preg av dette på ein del område. Som Hamsun var også Hoel opp- teken av «blodets hvisken og benpipenes bønn» – det vil seie det umedvitne sjele- livet. Dei to første verka til Hoel, novelle- samlinga *Veien vi gaar* frå 1922 og roma- nen *Syvstjernen* frå 1924, har dessutan klare modernistiske trekk og er tydeleg inspirerte av Kafka.

☞ Med si tredje bok, romanen *Syndere i sommersonn* (1927), fekk Hoel sitt litterære gjennombrudd. Boka er skriven i eit meir tradisjonelt formspråk og er prega, som tittelen vitnar om, av ein munter og lett ironisk tone. Motivet er ei gruppe unge



Omslaget til utgåva frå 1927, teikna av Gunnar Bratlie

menneske av begge kjønn som ferierer saman om sommaren ein stad på Sørlandet.

☞ Samstundes har romanen også alvorlege undertonar fordi han tematiserer for-



Filmfestivalen i Haugesund, 2001: Skodespelaren Maria Bonnevie presenterer filmen «Syndere i sommerson». Her er ho saman med regissøren Daniel Alfredson og skodespelaren Rebecka Hemse. Foto: Heiko Junge / Scanpix

søket til ein generasjon unge radikalalarar på å frigjere seg. Romanen provoserte då også dei verdikonservative og kristne i samtida, jamvel om lesarane i dag nok synest at det blir synda ganske lite i *Syndere i sommerson*.

☛ Hoel blir først og fremst rekna for ein tradisjonell og realistisk forfattar, men tidvis finn vi spor av dei tidlegare eksperimen-

mentelle tekstane hans. *En dag i oktober* frå 1931, ein av dei beste og mest kjende romanane til Hoel, er eit godt eksempel i så måte.

☛ Som tittelen tilseier, skildrar romanen ein dag i månaden oktober. Ei kvinne tek livet sitt ved å kaste seg ut frå eit vindauge i ein bygard. Denne hendinga får vi presentert av mange og svært ulike karakterar: dei andre som budde i denne bygarden, naboane til kvinna. *En dag i oktober* inneheld mange små forteljingar, og boka bryt på den måten med dragnaden i realisme mot «den store forteljinga».

☛ Tematisk er *En dag i oktober* ein typisk Hoel-tekst. Det er ein tydeleg psykologisk roman om mislykka samliv og kjærleikssvik. Romanen er også kulturradikal: Det borgarlege ekteskapet blir framstilt i eit kritisk og negativt lys.

Psykoanalysen – eit nytt perspektiv

☞ Psykoanalysen vart allment kjend i Noreg i 1920-åra. Frå om lag 1930 prega psykoanalysen debattar om oppseding, skule, kristendom, seksualmoral, biletkunst og litteratur. Det førte til ei ny interesse for barndommen og ei ny forståing av dei underbevisste og fortrengde kjenslene, røynslene og drivkreftene til menneska.

☞ Sigurd Hoel kombinerte sitt politiske engasjement med interesse for psykoanalysen. Han var kanskje meir påverka av Wilhelm Reich enn av Sigmund Freud. Reich var elev av Freud og kommunist, og han vidareutvikla psykoanalysen i ei meir politisk retning.



*Kva er psykoanalyse?
Animert kortfilm, YouTube*



*Psykologen Wilhelm Reich (1897-1957).
Foto: Scanpix*

☞ Reich såg ein grunnleggjande samheng mellom fascistiske ideologiar som nazismen og den autoritære, undertrykkjande oppsedinga som barn vart utsette for. Denne oppsedinga skapte etter hans syn menneske som lettare underkasta seg totalitære politiske system.

☞ Sigurd Hoel var ingen marxist, men tankane til Reich appellerte til han fordi dei gav nye reiskapar til å analysere dei rådande samfunnstilhøva. Særleg okkupasjonsromanen *Møte ved milepelen* ber preg av Reichs forklaringsmodell.

Politikk og psykologi

☛ Kombinasjonen av politisk og psykologisk tematikk går att i forfatterskapen til Hoel. Vi ser han kanskje tydelegast i *Møte ved milepelen*, ein sentral okkupasjonsroman frå 1947. Her undersøker han nazismens problem, og han tek føre seg både samfunnet og enkeltmennesket.

☛ Romanen drøftar det vanskelege spørsmålet om korleis såkalla vanlege menneske kan bli forrædarar, tystarar og torturistar. Den psykoanalytiske tenkinga blir her ein reiskap til å forstå nazismens problem. Vi ser korleis kjærleikssvik i barneåra i verste fall kan føre heile livet inn på eit feilspor, slik at vi sjølve endar opp som svikarar.

☛ *Møte ved milepelen* var også eit viktig innlegg i debatten om skuld og soning som kom i samband med rettsoppgjeret



«Møte ved milepelen» drøftar det vanskelege spørsmålet om korleis såkalla vanlege menneske kan bli forrædarar, tystarar og torturistar. Her inspiserer Vidkun Quisling norske soldatar som skal til austfronten. Foto: NTB / Scanpix

etter krigen. Bodskaen i boka er at vi alle ber på ei bør av skuld – ingen av oss er feilfrie. Dette er ein roman om plikt og ansvar, ikkje om fordømming av «dei andre». Slik sett kan boka også kallast ein erkjenningsroman.

Veien til verdens ende

☞ *Veien til verdens ende* frå 1933 kan kallast både ein oppvekstroman og ein psykologisk utviklingsroman. Av alle Hoels tekstar viser kanskje denne romanen best korleis han bruker psykoanalysen litterært, og romanen har vorte ståande som ein av dei fremste i sin sjanger. Boka prøver å klarleggje korleis dei tidlege røynslene til barnet blir avgjerande for karakterutviklinga.

☞ Handlinga går føre seg i eit bygdesamfunn likt det Hoel sjølv voks opp i. Vi følgjer hovudpersonen Anders, frå han som fireåring har fast lyttepost under kjøkkenbordet, til han forlèt heimen og bygda etter konfirmasjonen.

☞ Kjærleikssviket er eit sentralt tema i romanen. For Anders er dei vaksne upålitelege og ofte destruktive personar. Kvart



Sagstua i Nord-Odal der Sigurd Hoel vart fødd. I «Veien til verdens ende» prøver han å vise korleis dei tidlege røynslene til barnet blir avgjerande for karakterutviklinga. Foto: Kvinnemuseet – Museene i Glåmdal

tillitsbrot og kvar avvising han opplever som barn, er med på å prege utviklinga og åtferda hans når han blir større.

☞ Både form og komposisjon i denne romanen kan sjåast som eit typisk eksempel på den realistiske og tradisjonelle stilen til Hoel. Forteljinga er bygd opp av knappe, novellistiske parti. Lesaren følgjer Anders

på vegen hans frå barn til vaksen, episode føyer seg til episode. Slik gir romanen eit bilete av korleis eit menneske blir forma.

☛ Romanen skildrar både konkrete hendingar og dei indre prosessane og sjelelege tilstandane som desse hendingane kallar fram hos Anders. Forteljeteknisk er boka nyskapande. Forteljaren ser alt gjennom barneauga og stiller seg fullstendig solidarisk med vesle Anders. Ved å bruke denne personale synsvinkelen får Hoel best fram undringa og den indre utviklinga til barnet.



*I 1950-åra var Hoel ein av nestorane i litteratur og kultur. Her held han eit innlegg på eit møte i Den norske Forfatterforening.
Foto: Odd Nicolaysen / Aktuell / Scanpix*

Dei siste publikasjonane

☛ I 1950-åra var Hoel ein av nestorane i litteratur og kultur. Bøkene hans var attraksjonar allereie før dei kom ut. Hoel kom i store opplag og fekk ruvande omtale i pressa.

☛ Mange framhevar romanen hans frå 1958, *Trollringen*, som høgdepunktet i forfattarskapen. *Trollringen* er ein tradisjonell episk roman, men kan òg lesast som ein pessimistisk allegori over lag-naden til kulturradikalarane i Hoels eiga samtid. Handlinga går føre seg i ei isolert bygd på Austlandet tidleg på 1800-talet. Litteraturkritikarane har særleg rost det psykologiske skjebnedramaet og miljøskildringane.

